

## Til Luster Kommune, landbruk og naturforvaltning.

### Klage på vedtak etter søknad om løyve til bruk av snøskuter.

(Arkivsak: 21/323-2)

Utifrå offentlig informasjon kan ein få inntrykk av at nyttekøyring med snøskuter er noko det normalt vert gjeve løyve til. Etter avslag på denne søknaden forstår eg at det ikkje er slik.

Om eg no køyrer eit materiallass som t.d. dette risikerar eg 10 000,- i bot og rettsforfølgjing :



Døme på reaksjon for slik «miljøkriminalitet» :

[Gulating lagmannsrett - Dom: LG-2020-75392 - Lovdata](#)

Eg høyrer til dei som meiner at dette er distriktsfiendtlig og kan vanskeleg førestilla meg at ei slik skjønnsutøving har støtte i lokaldemokratiet.

Bruk av hytter og stølar er for meg og mange andre ei kjelda til avkopling og friluftsliv. Det må då også liggja til rette for at bygg kan setjast istand og brukast utan at ein vert lovbrytar.

Det er vanskeleg finna eit meir eigna og miljøvenleg transportmiddel enn snøskuter til dette.

## Kommentar til saksutgreiinga:

Saka er i hovudsak framstilt rett bortsett frå at vedhogst i teigar mellom Brunestegen og Rysete skulle vore medteke.

## Kommentarar til vurderinga:

Eg oppfattar vurderinga som prega av «klipp & lim» frå tidlegare sakshandsaming. Mellom anna er det vist til forelda forkriftstekst:

### **Vurdering:**

I sak 1 legg leiar landbruk og naturforvaltning til grunn å avslå søknaden. Avslaga er grunngeve med at motorferdsel i utgangspunktet ikkje er tillat i utmark jf. motorferdselsloven § 3, samt med forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag § 5 c) «*eier av hytte for transport av bagasje og utstyr mellom bilveg og hytte som ligger minst 2,5 km fra brøytet bilveg når det i området ikke er mulighet for leiekjøring etter bokstav a*». Etter landbruksjefens vurdering, har Audun Torvaldsen moglegheit til å nytta seg av leigekøyring i forbindelse transport av materialar til reparasjon av hytte/sel, og han får derfor ikkje dispensasjon til bruk av snøskuter på strekningen han søker om.

Link til gjeldande forskrift og aktuell endring:

[Forskrift om endring i forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag - Lovdata](#)

[Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag - Lovdata](#)


Det går fram av vedtaksbrevet at det også var søkt dispensasjon jmf. § 6 i gjeldande forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark utan at dette er vurdert.

På tross av at søker har vist til at leigekøyring ikkje dekkar behovet og heller ikkje vil gje redusert skuterbruk, vart søknaden avsege med dette som grunngeving. Eg kan ikkje sjå at det er vist til gyldig heimelsgrunnlag for dette. Tilbod om leigekøyring er eg kjend med, og meiner det er ei god ordning, men eg kan vanskeleg sjå at ulempene med motorferdsel vert mindre med det. Når det gjeld utføring av arbeid som krev inn og uttransport av tyngre verktøy som t.d. aggregat, taljer, motorsag, materialar m.m. vil bruk av leigd skutertransport ofte medføra dobbelt tal turar for ei to-dagars arbeidsøkt.

Når det gjeld hogst og utkøyring av vedskog er snøskuter svært godt eigna, men det er enda vanskelegare å sjå for seg at leigekøyring er ei god løysing.

Aktuell leigekøyrar har i tillegg ein times tur med lasting og biltransport av snøskuter kvar veg. Ein treng ikkje å vera «rakettetterforskar» for å skjønna at dette ikkje er ei fornuftig løysing for arbeid som i stor grad gjerast i fritida og er heilt avhengig av vèr og føre.

Rute for biltransport av snøskuter frå Leirdalen til Brunestegen.



Praktisert skjønnsutøving av SNO i samband med oppsynsteneste skiljer ikkje på nyttekøyring og leikprega køyring trass i at det kan oppfattast slik i media. Kombinasjon av urimeleg streng praksis for søknadshandsaming og oppsynsteneste, samt oppmoding om å anmelda naboen for ulovleg snøskuterkøyring skapar mykje mistrivsel og mistillit i vårt distrikt.

Eg kan ikkje sjå at handsaming av denne saka er i samsvar med føremålet i Motorferdsellova og vel difor å klaga på avgjerda.

Uklipp frå Rundskriv T-1/96 Om lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10. juni 1977 nr. 82:

*Motorferdselloven har som utgangspunkt at motorisert ferdse i utmark og vassdrag er forbudt, jf. § 3 – med mindre annet følger av loven selv eller vedtak med hjemmel i loven. **Loven tar imidlertid ikke sikte på å hindre nødvendig ferdse til anerkjente nytteformål.** Det er den unødvendige og fornøylespregede ferdse som reguleres. Dessuten bidrar regelverket til at de transporter som er tillatt, foregår til minst mulig skade og ulempe.*

Takkar elles for at søknaden denne gongen vart handsama og imøteser vidare informasjon om handsaming av klagen.

Gaupne 10.03.2021

Audun Torvaldsen